

## **INSTRUKS FOR VALKOMITÉ**



1. Valkomiteen består av 3 medlemmer. Funksjonstida er 3 år. Det veljast normalt eitt nytt medlem av årsmøtet kvart år.
2. Valkomiteen konstituerer seg med ein leiar.
3. Valkomiteen skal foreslå kandidatar til forsamlingsstyret, valkomité og revisor for forsamlingsstyret og husstyret. Valkomiteen foreslår òg den sjuande representanten til husstyret.
4. Dersom nokre av eigarorganisasjonane ikkje har representant til husstyret, skal valkomiteen foreslå kandidatar til husstyret òg. Desse treng då ikkje representera ein eigarorganisasjon.
5. Det er ønskeleg med fleire kandidatar enn verv, slik at det blir reelle val på årsmøtet.
6. Leiar av valkomiteen kontaktast av forsamlingsstyret og husstyret i løpet av oktober før årsmøtet, med tanke på kor mange medlemmer som står på val.
7. Namn på kandidatar skal sendast styrene om muleg to veker før årsmøtet.